



Håvard Dyrkolbotn
Stranda 480
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3357 - 16/29561

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2016

Søknad om konsesjon for kjøp av gbnr 16/17 Askeland Nordre

Syner til søknad motteken 18.oktober 2016

Dokument i saka :

- Søknad om konsesjon

Saka gjeld :

Håvard Dyrkolbotn søker konsesjon for kjøp av den ubebygde tomten gbnr 16/17 Askeland Nordre i Lindås kommune. Formålet er tilleggsareal til bustadtomt gbnr 16/15 m.fl som han allereie eig.

Lovverk :

Saka skal handsamast etter konsesjonslova. Dette fordi det krevs konsesjon for kjøp av eigedom når den ligg eit uregulert område, er ubebygd og over 2 dekar.

Den omsøkte eigedommen :

Den omsøkte eigedommen er ein tomt på 2100 m² som ifølgje Nibio sitt gardskart i stor grad er klassifisert som skogsmark med super bonitet. Eigedommen ligg i øvste hjørna på eit om lag 10 dekar stort område som er oppdelt i 5-6 tomtar. 3 av desse eigedomane eig søker allereie – gbnr 16/15,18 og 20. Området grensar øvst mot fylkesveg 394 Stranda og skrå bratt retning sjøen.

Den omsøkte tomten har vel 40 meter felles grensa med landbrukseigedommen gbnr 17/3. Arealet som grensar mot tomten er definert som innmarksbeite.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733





Vurdering :

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringen, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftssinteresser og omsynet til busetting.

Lindås kommune kan ikkje sjå at dei interesser som konsesjonslova skal ivareta vert råka i denne saka. Snarare tvert imot vil det vere ei styrke for bygda om det kjem eit nytt bustadhus og fleire folk. I denne saka vert det ikkje vurdert kor vidt tomten er eigna for vegframføring og bygging. Det vert ei eiga sak dersom det vert aktuelt.

Det er eit ekstensiv landbruksdrift i området der beitetilgangen er god, men der tilgangen på slåttemark er avgrensa. Såleis er den bratte tomte av liten verdi for landbruket i området.

Konklusjon :

Håvard Dyrkolbotn får konsesjon for kjøp av tomten gbnr 16/17 Askeland Nordre.

Vedtak :

Søklar Håvard Dyrkolbotn får konsesjon for kjøp av tomten gbnr 16/17 Askeland Nordre. Grunngevinga framgår av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §1 i konsesjonslova.

Gebyr :

Søklar får tilsendt faktura for sakshandsamingsgebyr kr 2000,-

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Håvard Dyrkolbotn

Stranda 480

5993

OSTEREIDET